



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	01.07.2014
<b>Tid:</b>	13:30 – 17:00

---

### Medlemmer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

---

### Forfall:

Kjell Runde	MEDL	FOLK/SP
-------------	------	---------

---

### Varamedlemmer som møtte:

Ole Brubakk	Kjell Runde	KRF
-------------	-------------	-----

---

### Andre:

Ass.rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vert valde:  
Margareth Leinebø og Per Kristian Furø

Formannskapet ber rådmannen sjå på delegasjonsreglementet for komiteane.

Det vart orientert om:

- Hurtigruta – vidare drift Herøyterminalen v/ordføraren
- Lokal samarbeidsavtale mellom kommunen og konfliktrådet på Sunnmøre.  
Ordføraren skriv under samarbeidsavtalen.

---

underskrifter

Margareth Leinebø

Arnulf Goksøy  
ordfører

Per Kristian Furø

## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 110/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 111/14	Protokoll frå førre møte
PS 112/14	Delegerte saker
PS 113/14	Referatsaker
PS 114/14	Nordic Resort AS - tiltrede av opsjon
PS 115/14	Varsel om oppstart av planarbeid
PS 116/14	Gnr 12 bnr 10, 13 - Grunnkjøp Remøya
PS 117/14	Gnr 35 Bnr 10, 49, 81, 90 - Grunnkjøp Igesund
PS 118/14	Hovudplan for vassforsyninga i Herøy Delegerte saker frå avdelingane
DS 25/14	Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)
DS 26/14	Søknad om utvida skjenketid under Maritime sommardagar - Fosnavåg Brygge Referatsaker
RS 34/14	Fellesareal i Ospenesveien
RS 35/14	Avgiftsnivået på kommunale tenester

## **PS 110/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

Orientering om Hurtigruta.

## **PS 111/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 112/14 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 113/14 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 114/14 NORDIC RESORT AS - TILTREDE AV OPSJON**

### **Møtebehandling:**

Arnulf Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er i familie med part i saka, han vart kjend inhabil i reguleringssaka. Han gjekk frå underhandsaming av habilitet. Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl § 6, 2. ledd.

Camilla Storøy Hermansen reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er i nær familie med part i saka. Ho gjekk frå underhandsaming av habilitet. Camilla Storøy Hermansen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl § 6, 2. ledd.

Ap v/Per Kristian Furø kom med framlegg om slikt nytt pkt. 3:

«Det vert gitt ein byggefrist på 2 år frå overdraginga. Dersom Nordic Resort ikkje har starta bygging innan fristen, skal eigedomane tilbakeførast til Herøy kommune for same pris.»

Framlegget frå Ap om nytt pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Formannskapet - 01.07.2014**

1. Formannskapet godkjenner Nordic Resort AS` søknad om tiltreding av opsjon om kjøp av kommunens eigedomar gnr. 17 bnr. 30, 52, 54, 58 og 62.
2. Kjøpesummen vert sett til kr. 45 pr. m<sup>2</sup>. Kostnader til oppmåling, frådeling og tinglysing kjem i tillegg.
3. Det vert gitt ein byggefrist på 2 år frå overdraginga. Dersom Nordic Resort ikkje har starta bygging innan fristen, skal eigedomane tilbakeførast til Herøy kommune for same pris.
4. Ordføraren får fullmakt til å signere endeleg kontrakt for salet.

#### **PS 115/14 VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID**

##### **Møtebehandling:**

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Formannskapet - 01.07.2014**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-8, at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid for Herøy gard med tilgrensande eigedommar.

#### **PS 116/14 GNR 12 BNR 10, 13 - GRUNNKJØP REMØYA**

##### **Møtebehandling:**

Ap v/Olaug Andreassen kom med framlegg om slik endring av rådmannen si tilråding:

«... gnr. 12, bnr. 10 og 13 med formål å sikre seg strategisk grunn til framtidig utviding av kryssinga av Nordre Vaulen.»

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 01.07.2014**

Formannskapet ber administrasjonen om å gå i grunnforhandlingar med grunneigar på gnr. 12, bnr. 10 og 13 med formål å sikre seg strategisk grunn til framtidig utviding av kryssinga av Nordre Vaulen.

### **PS 117/14 GNR 35 BNR 10, 49, 81, 90 - GRUNNKJØP IGESUND**

#### **Møtebehandling:**

Fung.utviklingsleiar Hallvard Rusten møtte i saka.

Rådmannen si tilråding fall mot 4 røyster.

### **PS 118/14 HOVUDPLAN FOR VASSFORSYNINGA I HERØY**

#### **Møtebehandling:**

Olaug Andreassen reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Herøy vasslag. Ho gjekk frå i handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl §6, 2. ledd.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 01.07.2014**

Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med revidering av den kommunale hovudplanen for vassforsyninga. Dei private vasslaga/-verka vil vere sentrale partar i dette planarbeidet og skal innvolverast aktivt under heile planprossen.

Planen skal ha status som ein temaplan og med klar hovudvekt på vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I planen må elles overordna mål samt status og utfordringar knytt til dagens vassforsyning vektleggast. Val av tema og detaljeringsgraden for dei ulike tema skal forøvrig avgrensast til det som er naudsynt som grunnlag for ei tilfredsstillande organisasjonsvurdering.

**MØTET SLUTT KL. 17:00**